

Desember 2023

Samhandlingsnytt

Kjære lesar

Vi nærmar oss slutten av 2023 og vil med dette ønskje alle gode samhandlingspartnarar ei god og fredfull jul og eit godt nytt år!

Samhandlingsdag – barn og unge

16. november 2023 vart det arrangert samhandlingsdag barn og unge for kommunane i Sunnfjord og ytre Sogn og Førde BUP på Scandic Sunnfjord hotell i Førde. Det var stor interesse for arrangementet og nærare 150 fagfolk frå mellom anna helse, barnevern, skule og barnehage var påmeldt.

Tema for dagen var korleis tenestene samarbeider rundt barn med angstproblematikk som treng hjelp frå begge tenestenivå. Korleis arbeider tenestene for å finne dei beste løysingane og for å sikre at barnet/ungdomen får rett hjelp på rett nivå? Dagen vart trygt leia av seksjonsleiar Hildegunn Knapstad Fauske frå Førde BUP og Trude Gulbranson, leiar av koordinerande eining i Kinn kommune. Programmet innehaltdt ein kombinasjon av erfaringsdeling frå BUP Førde, Fjaler og Kinn kommunar, fagleg innlegg av Eili Nygard Riise og gruppearbeid.



Det blir lagt til rette for at samhandlingsdag barn og unge skal vere eit årleg arrangement som BUP Førde og kommunane samarbeider om å arrangere.



Siste nytt frå

Sogn og Fjordane helsefellesskap

Årets siste møte i helsefellesskapet vert arrangert 21.12.23. Det har totalt vore gjennomført fire møter i fagleg samarbeidsutval, tre møter i strategisk samarbeidsutval og eitt partnarshipsmøte.

I haustens siste møte i fagleg samarbeidsutval vart Barbro Longva, kommunalsjef i Stad kommune nye leiar for utvalet for perioden 2024 – 2025. I same møte vart partnarane einige om å sette ned to arbeidsgrupper: ei gruppe som skal kome med forslag til innføring av eit felles funksjonskartleggingsverktøy for pasientgruppa skrøpelege eldre og ei gruppe som skal starte arbeidet med å utarbeide samhandlingsrutinar knytt til utgreiing av ADHD hos barn og unge.

Våren 2024 skal det arrangerast erfaringskonferanse innan psykiske helse og rusarbeid i regi av helsefellesskapet og komiteen går i gang med planlegginga rett over nyttår.

Samhandlingslegeordninga

Samhandlingslegeordninga er eit nasjonalt nettverk av allmennpraktiserande legar som skal medverke til å legge tilrette for auka samhandling og koordinering mellom fastlegane og spesialisthelsetenesta. Ordninga er viktig for å styrke samhandlinga og skal primært ha fokus på samspelet

Kontakt

Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

www.samhandling-sfj.no

Kontaktperson

Samhandlingssjef Helse Førde
[Dagrun Kyrkjebø](#)

Fast sak

Møter i Sogn og Fjordane helsefellesskap

Fagleg samarbeidsutval

15. februar 2024

(møte 1/2024)

Strategisk samarbeidsutval

21. desember 2023

(møte 4/2023)

Felles brukarutval

7. februar 2024

(Nordfjord sjukehus)

mellom fastlegane og sjukehusa. Ordninga vart starta opp i Helse Førde i 2007. Fram tom 2023 har den vore kalla «Praksiskonsulentordninga». Meir informasjon finn du på nettsida:

[Samhandlingslegeordninga \(tidlegare PKO\) - Helse Førde HF \(helseforde.no\)](https://helseforde.no)

Viktige oppgåver kan vere:

- Vurdere og vidareutvikle henvisningspraksis, innleggingspraksis og utskrivingspraksis og bidra i arbeidet med å utarbeide retningslinjer for dette.
- Bidra til å utvikle møteplassar mellom fastlegar og behandlarar i spesialisthelsetenesta.
- Betre informasjonsflyten og kontakten i samhandlinga mellom fastlegane og helseføretaket.

Samhandlingsbarometeret

I desember publiserte Samhandlingsbarometeret ein rapport som presenterer status og utviklingstrekk for sentrale statistikkvariablar for Sogn og Fjordane helsefelleskap. Data i rapporten er henta frå Norsk Pasientregister, Kommunalt Pasient- og brukerregister, Folkehelseinstituttet, Statistisk Sentralbyrå, Nasjonale Kvalitetsindikatorar og Vestland fylkeskommune si folkehelseundersøking frå 2022.

Rapporten er interessant lesning og kan lastast ned her:

[Rapport-2023-Status-og-utviklingstrekk-for-Sogn-og-Fjordane-helsefelleskap.pdf \(samhandling-sfj.no\)](#)

Takk for samarbeidet til Elin Sørbotten!



13. desember hadde Sørbotten sin siste arbeidsdag som interkommunal samhandlingskoordinator. Ho har vore tilsett i stillinga sidan 2018 og har vore ein svært viktig samhandlingspartner for Helse Førde. Takk for innsatsen og lukke til vidare som prosjektleiar i Kinn kommune, Elin!